

# SØKNAD OM Å BLI MODELLBIBLIOTEK

**Fitjar folkebibliotek og skulebiblioteket ved Fitjar vidaregåande – eit bibliotek to lokale.**

Me ynskjer å gjere Fitjar folkebibliotek og Fitjar vidaregåande sitt skulebibliotek til eit kombinasjonsbibliotek.

## Kva ynskjer vi å oppnå ved å lage eit kombinasjonsbibliotek?

- Auke betjening og kapasitet ved å slå saman ressursane
- Aktualisere og systematisere samlingane både i folkebibliotek og skulebibliotek, der ideen er eit bibliotek men i to lokaliseringar. Dette kan vidare frigjere plass til fleire leseplassar ved Fitjar vidaregåande skule og opne for at Fitjar folkebibliotek kan innreiaast betre i høve til arena for møtestad.
- Gjere begge lokala meir brukarvenlege og attraktive for elevar og lærarar.
- Betre tilbodet til elevar ved Fitjar vidaregåande skule og innbyggjarane i Fitjar ved at skulebibliotek og folkebibliotek har felles database.
- Endre struktur til meirope bibliotek, slik at biblioteket kan vere tilgjengeleg for elevar heile skuledagen og at innbyggjarane i Fitjar har betre tilgjenge til biblioteket.

## Bakgrunn:

Fitjar folkebibliotek ligg i Fitjar kultur og idrettsbygg og Fitjar vidaregåande sitt skulebibliotek ligg i nabobygget. Fleire elevar har klasserom i Fitjar kultur og idrettsbygg. Fitjar kommune er ei relativ liten kommune med 3100 innbyggjarar. Fitjar vidaregåande er ein liten skule med 260 elevar. Skulen er attraktiv med stadig aukande søkjartal. Fitjar folkebibliotek er eit aktivt bibliotek med godt utlån, i 2014 var utlånstalet 7,77 pr. innbyggjar. Men biblioteket har avgrensa ressursar. Stillinga som biblioteksjef er 85%, opningstida er 16 timer i veka.

Begge biblioteka har liten plass og me ser fordelen av å systematisere og dele opp samlinga i to lokale. Det vil kunne utgjere fleire studieplassar til elevane og skape nye moglegheit for å ha tilstellingar for elevar og innbyggjarar i Fitjar. Me ser også moglegheit for å utvikle eit samarbeid med studielinjer på Fitjar vidaregåande skule, som har yrkesretta linjer. Eit eksempel kan vera eventyrstund for barn, lesing for eldre etc. Det er små forhold både på bibliotek og skulebiblioteket og det vil vera utviklande å bli eit kollegium.

Me ser at eit bibliotek – to lokale ikkje vil vere ei fullgod løysing og vil jobbe for på sikt å samlokalisere biblioteka i nye lokale.

## Kva ynskjer me å gjera?

- Arbeide fram ein felles plattform for samarbeid mellom folkebibliotek og skulebibliotek som igjen skal munne ut i en kontrakt.
- Sameine katalogane på Fitjar folkebibliotek og Fitjar vidaregåande skule
- aktualisere samlingane og gjere dei lettare tilgjengeleg.

- Gjere lokal meir attraktive som møtestad for elevar og andre brukarar.
- Gjere lokal tenlege som arena for arrangement elevar kan ha for ulike grupper innbyggjarar.
- Me vil styrke bemanninga og utvide betjent tid for brukarane.
- Me vil leggje RFID brikkar i bøkene og installere ein sjølvbetjent utlånsautomat og utstyre dørene inn til biblioteket med lås der folk kan få tilgang til lokal ved bruk av nasjonalt lånekort og pinkode.
- Sjå til liknande samarbeid som har kombinasjonsbibliotek, men også på løysingar på eit bibliotek – to lokale, slik dei har i Lindås og Meland.

### **Kommunal eigenandel**

Fitjar kommune har løyvd kr. 100 000 i eigenandel for at me kan bli eit modellbibliotek. Både administrasjonen i Fitjar kommune og ved Fitjar vidaregåande skule er positive til prosjektet om å gjere desse to til eit kombinasjonsbibliotek.

### **Kvifor kombinasjonsbibliotek på Fitjar?**

Plasseringa på biblioteka tilseier at det er gunstig med ei samlokalisering. Små ressursar vert større når ein slår dei saman, og me har moglegheit til å utvikle oss i enda større grad. Innbyggjarane i Fitjar er nøgd med biblioteket sitt, men ynskjer betre opningstider og dei fortener eit spenstig løft. Me vil gjerne bli eit modellbibliotek og er opne for innspel og forslag til korleis me kan bli betre.



Møteplassen på folkebiblioteket kan gjerast meir spanande for elevar og andre brukarar av biblioteket.

Inngangspartiet på folkebiblioteket. Her kan det setjast på eit låsesystem med kortautomat for nasjonalt lånekort. Eventuelt kan ein bruke døra som går inn til lageret.



Den ærverdige  
peisestova på Fitjar  
vidaregåande skule  
er skulebibliotek i  
dag. Ved å frigjere  
plass kan ein få fleire  
studieplassar her. Vi  
ser for oss at ein del  
faglitteratur må stå  
her. Dette lokalet  
kan vere fint til  
arrangement der  
elevar ved Fitjar  
vidaregåande skule  
er involverte.